



Symjebassenget slik det såg ut i dag

Ubedne gjester har i natt vore på ferde og gjort herværk på Stølen midt i Uskedalen. Kjell Magne Haugland spør seg - i kjølvatnet av den nasjonale tragedien - om ein her står overfor ein smitte-effekt.

Haugland har eit stort symjebasseng av plast, det rommer så mykje som 20.000 liter. Oppi dette har 'gjestene' kasta hagemøblane frå Stølen, trillebår, ein stor gasgrill med flaske frå same staden og i tillegg hagemøblar frå det nærliggjande Hagetunet. Det ligg imidlertid meir enn 200 meter unna.

'Gjestene' hadd flaks under operasjonen ettersom basssenget ikkje sprakk. Hadde det skjedd, ville dei ha vorte meir enn blaute!

På Stølen har dei ikkje merka noko av det som har gått føre seg, men det har i alle fall skjedd etter 01.30.

- Eg har hatt vondt i magen i natt på grunn av det forferdelege som har skjedd i Oslo og Ringerike og vart ytterlegare sjokkert då eg såg kva som hadde skjedd her.

Det kan vere nokre ungdommar som har 'mora seg' under venting på nattbuss, seier Kjell Magne som har meldt saka til lensmannen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Var det som skjedde på Stølen ein smitte-effekt?